



LYNGMO

GLYTSEN

Lyngmo – 50 år i 2015

Rekordmange på årets Bibel-sommar i Vest!



ME ER I GANG MED NYBYGG!!

-Sjå side 2 og 3

TID FOR HAUSTLEIRAR

- sjå baksida for informasjon!!



Helsing frå Lyngmo Lyngmo – 50 år i 2015

Måndag 17. august 2015 var ein dag me hadde sett fram til i lang tid. Dette var dagen for startskotet for byggjeprosjektet me har jobba med dei siste åra. Klokka 08.00 var det allereie

senger, demontere vaskar og speglar, fjerne golvbelegg, plukke ned takstein og mykje, mykje meir. Tysdag ettermiddag var me komne så langt at gravemaskina kunne starte jobben med å rive veggane. Dermed har dei gamle anleggbrakkene frå kraftutbygginga i Fortun gjort nytten sin. I løpet av dei to følgjande vekene vart alt fjerna, sortert og køyrt til avfallsstasjonen. I tillegg har også parkeringsplassen blitt seinka med nærmere 1 meter. Måsen har me nytta til å fylla ut og planere finare rundt hyttene. Gode folk har stilt på dugnad med grave-



samla mange dugnadspersonar. Sola var på veg opp, stemningen var god og arbeidsgjengen var klare til å gå laus på arbeidet med å rive det gamle internatet. I løpet av måndagen og tysdagen var det innom 45 personar (!!) som hjelpte til med å bære ut



maskin, traktor og tilhengar. Det er overveldande å stå ansvarleg for eit arbeid når me kan lita på at så mange stiller opp! TUSEN TAKK til alle! No vert stafettpinnen gitt vidare til Vestlandshus og deira underleverandørar. Me håpar på ein fin og lang haust slik at det vert tett hus før vinteren kjem med snø, frost og kulde!

Jubileumsfeiring!

Jubileumshelga på Lyngmo vart ein stor opptur når 50-års jubileet vart feira 13. – 14. juni; Været var med, mykje folk var innom og nye minner vart skapte!

Starten på jubileumshelga var aktivitetsdag for heile familien. Staben på Lyngmo hadde rigga klart eit stort område med spennande aktivitetar og det låg til rette for gode timer for barnefamiliane. Det var skattejakt, kanotur, luftpistolskyting, klovnar, sumobryting og ikkje minst marshmallow-katapult var gøy for borna. Gratis grillmat og iskrem gjorde også sitt til at stemninga heldt seg god.



Stemning skapte også Ruben Gazki, som hadde hovudregien når familiefesten tok til inne i eit fullsett Lyngmo. 220 personar fekk med seg at Gazki leverte eit show som inneheld sabelsjonglering, trylling, lommetjuveri og manipulasjon. Dette knytte han saman med eit tydeleg vitnesbyrd, der han var tydeleg med kor viktig Jesus er i livet hans.

Ein time etter familiefesten var ferdig var Lyngmo, etter hektisk omrigging, klargjort til jubileumsfest for dei vaksne. Høgdepunktet for mange var å høyra Sigurd Frelend fra Lærdal fortelja om korleis det gjekk seg føre når dei første brakkene vart henta frå Fortun, køyrt til Hafslø og plassert på Lyngmo i 1965. Det var




med stor tru og pågangsmot det vart starta opp med leirdrift på Lyngmo! Sigurd uttrykte glede over dei mange sogningane som sidan dette har fått del i leirlivet og forkynninga om Jesus. Ordføraren i Luster, Ivar Kvalen, var med og helsa med gode ord om det barne- og ungdomsarbeidet som vert drive på Lyngmo. Dei tilsette og dugnadsgjengen på kjøkkenet sytte for at det vart servert god rømmegrøt og kaker.

Jubileumsfeiring...

Song og musikk har alltid vore viktig på leirar og andre arrangement. Band og forsongargrupper gjorde sitt til å løfte fram songen heile helga. Jubileumsfeiringa vart avslutta søndagen med gudsteneste i samarbeid med Kyrkja. Knøttekoret på Lyngmo var med og song og prosten, Kjetil Netland, leia gudstenesta.

Styreleiar for Lyngmo, Per Hilleren, uttrykkjer takksem til dei tilsette og alle dugnadspersonane for tilrettelegginga av jubileumshelga. Desse la grunnlaget til at dei over 500 som møtte opp denne helga fekk feira leirstaden på ein flott måte.



Signaturar fra mange av gjestene på jubileumshelga

Bibelsommar

For tiande gong vart Bibelsommar i Vest arrangert på Lyngmo. Ikkje nok med at det er 10-årsjubileum, men det var også rekordmange påmeldingar. Internatet, alle hyttene og heile campingplassen var heilt fulle. På biletet ser mer Øyvind Samnøy i godt svev under tevlinga «kven kan slå Stene & Samnøy», som var ein konkurranse der delta-



karar kunne måle krefter med 2 av leiarane på Bibelcampen.

Konfirmant i 2016/17?

Lyngmo har store og gode lokale til selskap. Me kan servere trerettars middag, kaldtbord (gjerne inkludert varmrrett) og snittar med meir! Me har nokre ledige plassar for 2016/2017. Elles er det bestillingar fleire år fram i tid når det kjem til konfirmasjonsselskap, så vær tidleg ute!



Leirtravaren

Namn: Anne Karin Kure

Frå: Fardal

Alder: 11 år

Kva er kjekt på leir? Kano, fotball og bading er morosamt!

Kvifor kjem du på leir? Her får eg møte mange hyggelige deltagarar og leiarar.

Kva sit du att med? Når me har bibeltimar får me høre mange historiar om

Gud, og lærer oss nye sangar. Eg tykkjer det er kjekt å synge! :)



Sommarvikarar

Også i sommar har me hatt sommarvikarar her på Lyngmo. Dei har gjort ein kjempejobb med å ta seg av turistane som har teke turen innom. Er du fylt 18 år og kan tenkje deg å væra sommarvikar på Lyngmo neste år så ta gjerne kontakt med oss her på Lyngmo :)



Sommarvikarar samla til sosalkveld.

På biletet: Rebecca Efua Hilleren, Beate Alme og Mathias Husum.

Dette skjer på Lyngmo:

SEPTEMBER 2015

- 3. Småbarnstreff
- 10. Knøttekor og torsdagsklubb
- 17. Småbarnstreff
- 18. - 20. Leir for 2 - 4 klasse
- 24. Knøttekor og torsdagsklubb
- 25. - 26. Loppemarknad

OKTOBER 2015

- 1. Småbarnstreff
- 2.-5. Leir for 4 - 7 klasse
- 8. - 11. Leir for 7 -10 klasse
- 15. Småbarnstreff
- 16. - 18. Internatmøte for kvinner
- 22. Knøttekor og torsdagsklubb
- 29. Småbarnstreff
- 30. Haustbasar

NOVEMBER 2015

- 5. Knøttekor og torsdagsklubb
- 6. - 8. 16-30 Leir
- 12. Småbarnstreff
- 18. Damekveld
- 19. Knøttekor og torsdagsklubb
- 20.—22. Barnas songleir 2 - 7 klasse
- 26. Småbarnstreff (siste i år)
- 28. Juleverkstad 4 - 11 år

DESEMBER 2015

- 3. Knøttekor og torsdagsklubb (siste i år)
- 4. Julemiddag for alle
- 19. Julemiddag for Ungdom
- 31- 1. Åpen Nyttårsfest

Loppemarknad 25. - 26. september

Årets loppemarknad går av stabelen fredag 25 september kl 17:30 - 21.00

På laurdag 26 september heldt me det i gang frå kl 10:30 til 13:30

Her er det gode moglegheiter for å gjere ein god handel!

Har du ting du ynskjer å gi til loppemarknaden, ta kontakt med oss på 57 68 43 66

Catering

No kan du bestille catering frå Lyngmo.

Me leverer blant anna til selskap, minnesamvær, konfirmasjon og dåp.

Me leverer middag, kaldtbord (med eller utan varmrett), dessert og snittar.

Ta kontakt for tilbod og prisar!



Pangstartleir



9-13 august i år, arrangerte Lyngmo igjen Pangstartleir i samarbeid med kyrkja i Luster og kyrkja i Sogndal/Leikanger. Ein veldig kjekk leir der heile 32 born, frå kommunane rundt hadde meldt seg på. Sjølv om ikkje sola kikka fram kvar dag, så hadde me til tross for dette grei temperatur og fekk vere mykje ute både med kano, bading, leik, grilling og anna opplegg.

Søndagen begynte me heile opplegget ilag med 7 ungdomsleiarar som hadde då ein liten «minileir» eit døgn før seg sjølve før borna kom på måndagskvelden. Ungdomane fekk gå gjennom ein del av temaet; «Den Heilage Ande», og aktivitetane som me skulle ha med borna seinare i veka. Vi måla kreative bileter

om temaet DHA, lærte om ulike teikn på DHA samt at me gjennom ein natursti med ulike stasjonar lærte ein del. Så hadde me oss ein fin sykkeltur til gymsalen på Hafslo der vi åt niste og leika oss litt, samt at me hadde ei lita andaktsstund ilag alle saman.

Hensikten med denne leiren er å kunne gå litt djupare i eit tema ved å knytte inn ulike aktivitetar i same tråden. Og å gjere ting litt anleis enn på andre leiarar på Lyngmo. Væra mykje ute og også kunne gi ungdomar litt opplæring i korleis bli ein god leiar. Samt at me ynskjer at Lyngmo skal vere arena for ein hyggelig og trygg stad der vi kan få formidle noko om Jesus og Gud på ein spennande måte

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 12
6869 Hafslo

Telefon: 57684366
E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177



HAUSTLEIRAR 2015

- 2. - 4. klasse 18. - 20. september, pris 500,-
4. - 7. klasse 2. - 5. oktober, pris 730,-
7. - 10. klasse 8. - 11. oktober, pris 800,-**

Det vert gitt 25% søskenmoderasjon
frå og med søsken nr. 2

For påmelding og informasjon:
Mail: bua@lyngmoinfo.com
Tlf: 57 68 43 66
www.lyngmoinfo.com

